



Bergen internasjonale filmfestival/ Tor Fosse
Georgernes Verft 12
5011 BERGEN

Dato: 18.05.2015
Vår ref.: 2014/23340-59
Saksbehandlar: evawint
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2015

Tilsegn om kr 50 000,- til Bergen internasjonale filmfestival – Klimafestivalen 2015

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til lokale klima- og miljøtiltak datert 30.03.2015. De søkte om kr. 50.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 50.000,- til Klimafestivalen 2015 frå budsjettet for lokale klima- og miljøtiltak 2015.

Beløpet blir overført til kontonummer: **36246482289**

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Bevisstgjering og haldningsskapande verksemد gjennom å presentere dokumentarfilmar om klima- og miljøutfordringar for festivalpublikum og skulelevar i Hordaland.

Enkel skildring av prosjektet:

- presentere filmar om klimaspørsmål
- belyse ulike aspekt ved byutvikling og kollektiv transport i Mobilitetsuken

2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Tor Fosse

Planlagt slutt: 1. Oktober 2015

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til Hordaland fylkeskommune.

Utbetalning

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegena. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningsane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg
1 Akseptskjema
2 Sluttrekneskapsskjema

Kopi til:
Anne-Grethe Stenjem